

**Oppmannsrapport
etter fellessensur i norsk skriftleg
i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal**

**Sentralt gitt eksamen
NOR0214, NOR0215 og NOR1415, 10. årstrinn**

Våren 2015

**Åndalsnes 29.06.15
Anne Mette Korneliussen
Oppmann**

Fellessensurmøte

Fellessensuren vart gjennomført på Quality Hotel Alexandra i Molde 15. og 16. juni. Det vart halde førebuande møte med fylkesmann og oppmenn før fellessensurmøtet byrja 15. juni.

Kommentarar til eksamenssettet

Eksamen i norsk ser no ut til å ha funne forma og strukturen sin. Ein kan sjå ein nær samanheng mellom eksamen og kompetansemåla. Det kan vere krevjande å svare på ei kompleks oppgåvebestilling med fleire delar. Mange elevar er ikkje vane med å reflektere eller referere. Elevane treng meir trening i å tolke oppgåvene og få innhald i sentrale omgrep som referere, reflektere og ta stilling til.

Ordskeya var flott og inspirerande. Elevane fekk gode idear og tankekart. Ordskeya hadde engelske ord, bokmålsord og ord som er like i bokmål og nynorsk. Ikkje så mange typiske nynorske ord...

Førebuingsdelen

Temaet svolt har mange innfallsvinklar. Vidareføring av ei meir norskfagleg line. Utvalet av tekstar er varierte og har passeleg lengd. Tekstane har ulike sjangrar og kan både inspirere, engasjere og provosere. Det var kanskje nokon som fekk twittersjokk? Ny tekstsjanger på eksamen.

Oppgåvene

Oppgåvene er spissa og nært knytta til førebuingsdelen og vedlegget. Kan løysast av alle elevane på alle kompetansenivå. Oppgåvene har fleire delar som elevane skal svare på. Elevane hadde fleire oppgåver å velje mellom i del B. Oppgåvene i del A er henta frå Språk, litteratur og kultur.

Hovudmål

A1: Ei fin og presis oppgåve. Svake elevar skjønner kva dei skulle gjere. Mange elevar har høg kompetanse på blogg. Elevane får vist fagleg kunnskap og nyttar eit presist fagspråk. Elevar som har Kontekst eller Nye Kontekst vart favoriserte. Oppgåva er formulert slik at mottakarmedvit er sentralt. Ikkje alle skriv til Sara. Det er heller ikkje alle elevar som skjønner kva det vil seie å gje respons.

A2: Førehandssensuren: Kva er eit kort svar? Ikkje noko fasit, men skal vere den kortaste teksta eleven har skrive. Skal vere ei historie. Denne oppgåva er krevjande. Treng ikkje vere ei twitternovelle, men kanskje i nærleiken av 140 teikn... Mange elevar skriv sakprega i staden for historie. Elevar som har jobba godt med førebuingsmaterialet veit kva bestillinga går ut på. Dei som skriv over ei side, har ikkje lese oppgåva godt nok.

B1: Må skrive om å lukkast i livet. Mange like tekstar. Svake elevar klarte eit middels nivå. Å få andre til å reflektere er krevjande. Mottakar er lesaren av nettsida. Ha fokus på å vere kjendis.

B2: Vanskeleg oppgåve. Stappmett av både mat og lærarar... Nokre elevar klarte å løfte denne oppgåva, men andre hadde vanskar med å forstå bestillinga. Korleis skulle innslaget vere? Kunne kanskje ha nytta forsynt i staden for...

B3: Open og grei oppgåve. Svolt er ikkje eit sentralt element i fleire av svara. Bør *Svolt 2015* vere ein tekst om i dag? Rom for å gå attende i tid? Er innanfor, men blir gitt ut i dag. Nokre tekstar har ikkje tittel.

Sidemål

A1: Tekstvedlegget til jenta er bra, men diktet er krevjande. Mange elevar veit ikkje kva omgrepa betyr. Ei spanande og utfordrande oppgåve. Elevane synsar, og gjev ikkje eksempel på korleis samiske samfunnsforhold, verdiar og tenkjemåtar blir framstilte i dei to tekstane. Fleire elevar nemner ikkje diktet.

B1: Oppgåva har ei kompleks bestilling. Det er ikkje alle elevar som får fram indre drivkraft og at innsats nyttar.

B2: Mange bestillingar. I fleire av tekstane får ikkje elevane med at svolt skal spele ei rolle. Korleis få fram at du er medviten på vala dine? Bør ha ein konklusjon.

B3: Bør ha fokus på korleis samfunnet vil bli. Kan vere klisjefyllt. Nokre elevar har berre fokus på dyre vesker.

B4: Mange gode og kreative løysingar. God igangsetjar. Ikkje alle veit kva Blå kors er for noko. Svake elevar skreiv berre replikkar.

Ymse

Sensorane er godt nøgde med matrisa og vurderingsskjemaet. Begge er nyttige verktøy i sensorarbeidet. Det vart peika på at matrisa ikkje klarer å fange opp alle nyansar, men at sensorane sitt faglege skjønn og vurderingskompetanse gjer at det fungerer. Matrisa bør vere på ei side. Det kunne ha vore med eit punkt om korleis eleven nytta vedlegg. Kva vil det seie å vise tekst -og leseforståing? Kva kjenneteiknar ei kreativ tekst?

Sensorskuleringa er svært viktig og gjer at tolkings- og vurderingsfellesskapet i sensorgruppa er i utvikling mot meir eins praksis.

Eksamensrettleiinga er no godt innarbeidd. Nyttig og relevant informasjon til elevar, faglærarar, skuleleiing og sensorar. Elevane skal ha fått kjennskap til denne i god tid. Skuleleiinga har her eit viktig arbeid med å spreie informasjon nedover i systemet til faglærarane.

Førehandssensuren er til god hjelp i sensorarbeidet.

Sensorane peika på at lenkjene i PAS ikkje er merka og at ein brukar unødvendig tid og energi for å leite etter rett dokument. Lenkjene må få namn.

Det var også eit ønske om at det skulle vore mogleg å skrive ut alle tekstene i PAS frå ei klasse samstundes berre ved å trykke på ein knapp. PAS fungerte bra.

Forslag til aktuelle tema:

*Flyktningar: ofre livet sitt, kjempe for livet, draumen om eit betre liv, Håvamål, Roktaforliset og *Sjøfolkene på Hustadvika* av A.Øverland (1938)

**Styggen på ryggen* av Onklp og *De Fjerne Slektingene*: rus, psykisk sjukdom og utfordringar i livet.

*Sosiale medier

*Globalisering og kommunikasjon

*Kjærleik

Sensureringa gjekk føre seg utan store problem, men sjukdom i sensorkorpset var ei utfordring som vart løyst ved dugnadsinnsats. Sensorgruppa er no ei fin blanding av erfarne og nye sensorar. Vurderingskompetansen ein får gjennom å vere sensor er god utdanning i vurdering for kvar einskild og gjennom spreining av kompetanse rundt om på skulane.

Anne Mette Korneliussen

Oppmann

